
Fra: Anne Lise Molvik
Sendt: 17. juni 2015 19:20
Til: 'ATLE@ING-TAULE.NO'
Emne: Tiltak på gbnr 196/148- arkivsak 14/6009.
Vedlegg: Naboliste.pdf

Til Ing. Taule AS
Gjeld tiltak på gbnr 196/148, arkivsak 14/6009

Eg viser til samtale med deg 16. juni vedkomande status i saka. Etter å ha gjennomgått mottatte dokument i saka ber eg om tilbakemelding på følgjande:

- Det er gjort greie for at dykkar føretak har kjøpt tomta søknaden gjeld. Tidlegare eigar er framleis registrert heimelshavar. Det må difor leggjast fram fullmakt frå heimelshavar, eller anna dokumentasjon.
- Kommunen kan ikkje sjå å ha mottatt alle vedlegga til søknaden slik skildra. Opplysningar om tiltakets ytre rammer og bygningsspesifikasjon manglar og må ettersendast.
- Gjenbuar på gbnr 196/146 er ikkje varsla. Vedlagt følgjer naboliste. Kommunen vurderer at det er tilstrekkeleg å varsla Nordhordland Utvikling AS og eigar av seksjon 9 i dette høvet, evt sameiget for eigedommen dersom slikt er oppretta.

Eg prøvde å ringa deg i dag, men du var opptatt. Sender difor denne e-posten. Eg er mykje opptatt resten av veka, men kan ta kontakt med deg igjen på telefon dersom ønskjeleg. Gje tilbakemelding på e-post.

Tilleggsdokumentasjonen sendast postmottak@lindas.kommune.no

Saka vert handsama ferdig så snart vi mottar tilleggsdokumentasjon slik skildra.

Mvh

*Anne Lise Molvik
Rådgjevar
Lindås kommune*